



Forslag til plan for selskapskontroll 2016-2019

Bø kommune

2016 :: 421 005

Ferdigstilt 17.03.2016

Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Frå 2015 har vi eit fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS, Vestfold kommunerevisjon og Sandefjord distriktsrevisjon.

Telemark kommunerevisjon IKS har brei erfaring med selskapskontroll og gjer forvaltningsrevisjon av kommunal verksemd innanfor mange område, og med ulike innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har god kompetanse innan offentleg forvaltning.

Du kan lese meir på vår nettstad www.tekomrev.no.

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Bakgrunn	3
1.2	Kontrollutvalet sitt ansvar for planlegging av selskapskontroll	3
1.3	Kven kan bli kontrollert?	4
1.4	Selskapskontroll - innhald og omgrep	4
1.5	Gjennomføring og rapportering av kontrollen	5
2	Eigarskap i Bø kommune	7
2.1	Eigarskapsmelding	7
2.2	Kommunens eigarskap	7
2.3	Selskapskontroll 2012-2015	7
3	Prioriteringar i denne planperioden	8
3.1	Eigarskapskontroll.....	8
3.2	Forslag om forvaltningsrevisjon i selskap	9
4	Plan for selskapskontroll	11
	Vedlegg.....	11

Foto forside: www.effective.com

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kommunen kan engasjere seg i verksemder og leggje ulike oppgåver til fristilte organisasjonsformer som interkommunalt samarbeid, interkommunale selskap, aksjeselskap o.l. Kommunestyret står i stor grad fritt til å velje kva organisasjonsform slik verksemd skal ha. Kva organisasjonsform kommunestyret vel, har mykje å seie for kva høve kommunestyret har til å styre verksemda. Selskapa, som er sjølvstendige rettssubjekt, har eigne styringsorgan, og er regulert av særskilt lovgiving, som mellom anna regulerer tilhøvet mellom eigarane (kommunen) og selskapet sitt styringsorgan.

Viktige vilkår for folkevald styring er open informasjon, etikk og kontroll. Ei evaluering av offentleglova¹ viser at kunnskapen om lova i sjølvstendige offentlige rettssubjekt er lav. Vidare viser evalueringa at mange offentlege selskap, sjølv om dei forvaltar til dels svært store offentlege verdier, får få innsynsrap. Mange meiner at ressursbruken på å etablere rutinar, system og kompetanse i organisasjonen er urimeleg i forhold til det lave talet på innsynskrav som dei får.

NIBR har undersøkt korleis norske kommunar tek omsyn til god folkevald styring over den delen av verksemda som er organisert i selskap.² Dei fleste som vart spurde i undersøkinga meiner at kommunestyret ikkje får nok informasjon og ikkje er godt nok orientert, og at kontrollrutinane ikkje er tilstrekkelige.

Dette gir utfordringar når det gjeld demokratisk styring, innsyn i og kontroll med verksemda.

1.2 Kontrollutvalet sitt ansvar for planlegging av selskapskontroll

Kommunelova § 77 nr. 5 og kontrollutvalsforskrifta § 13 slår fast at kontrollutvalet skal sjå til at det er kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen får ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal byggje på ei overordna analyse av kommunen sitt eigarskap. Analysen skal ha fokus på risiko og kva som er vesentleg i kommunen sitt eigarskap. Kommunestyret skal vedta planen. Dette skal skje seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.

¹ Gjennomført av Oxford research i 2015 på oppdrag frå Justisdepartementet (http://www.oxfordresearch.no/media/270943/evaluering_av_offentleglova_oxford_research.pdf)

² Norsk institutt for by- og regionsforskning (NIBR) på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015:1 (www.nibr.no)

Kontrollutvalet i Bø har bedt Telemark kommunerevisjon IKS om å utarbeide analyse og forslag til plan for selskapskontroll. Vårt forslag viser aktuelle tema for selskapskontroll i Bø kommune. Forslaget byggjer på ei vurdering av risiko og vesentlegheit. Det er kommunestyret som løyver ressursar til selskapskontroll og avgjer kva for kontrollar kommunen gjer.

Bø kommune er medeigar i Telemark kommunerevisjon IKS og Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS. Telemark kommunerevisjon IKS er ikkje uavhengig i høve til desse to selskapa, og vi har difor ikkje vurdert behovet for selskapskontroll her.

1.3 Kven kan bli kontrollert?

Reglane om selskapskontroll gjeld kommunalt eigarskap i interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap (AS) og interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27 når desse er sjølvstendige rettssubjekt. Kontrollen kan også gjelde dotterselskap til desse organa. Selskapskontroll gjeld ikkje for stiftelsar (er ikkje eigde av nokon), kommunale føretak (er ein del av kommunen) og andre organisasjonsformer enn dei tre vi har nemnt.

1.4 Selskapskontroll - innhald og omgrep

Omgrepet selskapskontroll dekkjer to former for kontroll:

- **Eigarskapskontroll:** Kontroll med korleis kommunen utøver eigarskap i selskap – forholdet mellom kommunestyret og eigarorganet
- **Forvaltningsrevisjon i selskap:** Kontroll med korleis selskapa vert styrte og drivne



Ein eigarskapskontroll er i hovudsak retta mot kommunen. Hovudspørsmålet i ein *eigarskapskontroll* er om kommunen har retningsliner for utøving av eigarskap, og om retningslinene er i samsvar med gjeldande reglar og tilrådingar for godt eigarskap. Vidare undersøkjer vi om den som utøver eigarskap på vegne av kommunen gjer det i samsvar med gjeldande reglar og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Drift og aktivitetar i selskapet kan en undersøkje gjennom ein forvaltningsrevisjon, på same måte som ein kan gjere forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd. Dei fleste tema og vinklingar kan undersøkjast gjennom ein forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skal gjerast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk³ og er regulert i kommunelova § 77 nr. 4 og i kontrollutvalfskriften og revisjonskriften.

1.5 Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Iverksetting av selskapskontroll

Kommunestyret skal vedta plan for selskapskontroll og skal stille ressursar til rådevelde for gjennomføringa. Kontrollutvalet skal sjå til at eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon blir gjennomført. Det er vanlig og føremålstenleg at kommunestyret gir kontrollutvalet myndighet til å gjøre endringar i planen.

³ God kommunal revisjonsskikk innan forvaltningsrevisjon er definert i RSK 001, utgitt av Noregs kommunerevisorforbund

Avtalen kommunen har med Telemark kommunerevisjon IKS dekkjer ikkje selskapskontroll. Gjeldande ordning er at kontrollutvalet ber om tilbod på ein kontroll, og vurderer bestilling ut frå tilbodet. Det er kommunestyret som set av ressursar til selskapskontroll og anna kontrollutvalsarbeid, og dermed bestemmer i kva omfang planen skal gjennomførast.

Gjennomføring av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon

Det er ikkje stilt krav om kvalifikasjonar for den som skal gjennomføre eigarskapskontroll. Det er heller ikkje stilt metodiske krav til eigarskapskontrollen. Det vanlige er at revisor gjer eigarskapskontroll, eventuelt kontrollutvalet sitt sekretariat.

Forvaltningsrevisjon i selskap *skal* gjennomførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og gjeldande kvalifikasjonskrav for forvaltningsrevisjon.

Ein eigarskapskontroll er vanlegvis mindre ressurskrevjande enn ein forvaltningsrevisjon.

Innsynsrett

Kommunelova § 80 regulerer innsynsrett i selskap for kontrollutvalet og kommunen sin revisor. Innsynsretten gjeld i interkommunale selskap, interkommunalt samarbeid som er organisert som sjølvstendig rettssubjekt og aksjeselskap med kommunale/fylkeskommunale eigarar.

Det er ikkje innsynsrett i selskap som har private eller statlige medeigarar. Her kan eigarorganet gi kontrollutvalet innsynsrett gjennom vedtektene. Dersom innsynsretten ikkje er regulert i vedtektene, må kontrollutvalet be styret om samtykke til innsyn, eventuelt etter avklaring med eigarane.

Rapportering om eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon

Etter gjennomført eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon lagar vi ein rapport til handsaming i kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal rapportere sitt arbeid til kommunestyret. Denne rapporteringa skjer normalt ved at kontrollutvalet sender rapporten med si innstilling til vedtak til kommunestyret for handsaming.

2 Eigarskap i Bø kommune

2.1 Eigarskapsmelding

Kommunen har eigarskapsmelding, sist handsama av kommunestyret 7.3.16. Meldinga omhandlar retningsliner for eigarskap, leiing og kontroll av selskap. Det er også oversikt over selskap som kommunen har eigardelar i, med omtale av dei ulike selskapa, eigarskap og representasjon. For nokre aksjeselskap er også rapporteringsrutinar til kommunen omtalt og eigarskap vurdert. Det blei i 2012 utarbeida felles eigarskapsmelding for selskap kommunen eig saman med Nome og Sauherad, desse er og omtalt i kommunen sin eigarskapsmelding.

2.2 Kommunens eigarskap

Vi har henta oversikt over kommunens eigarskap frå eigarskapsmeldinga, Proff.no og Brønnøysundregistra. Der det ikkje er samsvar, nyttar vi informasjonen frå dei offentlege registra. Vi kan ikkje seie med sikkerhet at kommunen har andre eigarskap enn det som kjem fram her.

Oversikta går fram av vedlegg.

2.3 Selskapskontroll 2012-2015

For Bø kommune er følgjande kontrollar gjennomførte i perioden 2012-2015:

Selskap	Tema/tilrådingar
Gullbring AS	Kontrollen omfatta eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap. Det blei gitt tilrådingar om å sikre at kommunen sine retningsliner og vedtak om selskapet og eigarstyring blir følgde, samt vurdere føremålet i vedtektene og sikre registrering i styrevervregisteret og rett registrering i foretaksregisteret. Det blei også gitt tilrådingar knytt til fortegnelse frå generalforsamling og at selskapet avklarar plikt til å følgje reglane i offentleglova og lov om offentlege anskaffingar. Vidare blei det påpekt at tilskot til selskapet ikkje må overstige det tenesta kostar, at økonomistyringa må bli betre og at ein må sikre at det ikkje skjer kryss-subsidiering.
Bø kommunale eige- doms- selskap AS	Kontrollen var ein eigarskapskontroll. Kommunen blei tilrådd å avklare utbytepolitikken til selskapet, vurder prosessen rundt styreevaluering og innstilling til val og informasjonsflyten frå eigarrepresentant til kommunestyret. Selskapet blei tilrådd tiltak knytt til selskapets økonomi og økonomistyring og fleire forhold knytt til styret, samt sikre at kontrollutvalet og kommunens revisor får varsel om generalforsamling.

3 Prioriteringar i denne planperioden

3.1 Eigarskapskontroll

Forslaget om prioritering av tema for eigarskapskontroll byggjer på ei overordna analyse av kvar risikoen ligg og kva som er vesentleg i kommunen sitt eigarskap. Bakteppet for vurderinga er gjeldande reglar for dei aktuelle selskapsformene, KS sine tilrådingar for godt eigarskap, kommunen si eigarmelding og resultat av tidligare selskapskontrollar i kommunen.

Føringar for eigarskap og opplæring av eigarrepresentantar (anbefaling 1 - 8)

Bø kommune har gjennom eigarskapsmeldinga etablert retningslinjer for utøvinga av eigarskap for kommunen. Retningslinjene er i tråd med dei tilrådingane KS har gitt om føringar for eigarskap og opplæring av eigarrepresentantar. Det kan vere aktuelt å undersøke om kommunen sikrar at eigne retningslinjer blir følgde opp. Folkevaldopplæring, fullmakter, avklaringar og rapportering til kommunestyret bør undersøkjast. En slik kontroll vil normalt ikkje vere retta mot noko særskilt selskap.

Styre - evaluering og val (tilråding 9 - 14)

Det er eigar sitt ansvar å sjå til at den samla kompetansen i styret er tilpassa selskapet si verksemd. Bø kommune har i eigarskapsmeldinga lagt føringar i tråd med tilrådingane frå KS. Kommunen har i 2015 også utarbeida ein rettleiar for valkomité i aksjeselskap, som er del av eigarskapsmeldinga. Det kan være aktuelt å undersøke korleis føringane i eigarskapsmeldinga er følgde opp. Vi vil då særleg sjå på valprosess, styresamansetjing, styreinstruks, evaluering av styret sitt arbeid og samansetjing i fleire selskap.

Samordning av føringar for eigarskap – fleire eigarar

Bø kommune har mykje eigarskap felles med andre kommunar. Dette stiller krav til kommunen som eigar. Dei ulike eigarane kan sette ulike krav til selskapet knytt til eigarskapsutøving, og dei forskjellige eigarane sine målsetjingar og styring av selskapa kan vere motstridande. For å unngå dette bør eigarane samordne føringar og forventingar til selskapa. Felles eigarskapsmeldingar slik Bø, Nome og Sauherad har, er eit slikt tiltak. Eit anna tiltak er eigaravtale. Bø kommune har nedfelt i eigarskapsmeldinga at dette bør utarbeidast. Det kan være aktuelt å undersøkje i kva grad kommunen følgjer opp føringane og sikrar samordning med andre eigarar.

3.2 Forslag om forvaltningsrevisjon i selskap

Kommunen har på førespurnad gitt tilbakemelding om at det kunne ha vore aktuelt med ein selskapskontroll av IRMAT AS. Ei aktuell problemstilling ville vere handtering av næringsavfall.

Samfunnsansvar og etikk (tilråding 15 - 19)

I eigarskapsmeldinga har Bø kommune sett krav til selskapa om å vere bevisst sitt samfunnsansvar. Kommunen har også lagt andre føringar knytt til mellom anna lønnsvilkår, etikk og habilitet og vist til reglane i offentleglova. Det kan vere aktuelt å undersøke korleis kommunens føringar på området blir følgd opp, samt krav mellom anna knytt til anskaffingar i selskap der det kan vere aktuelt. Kva selskap ein vil kontrollere for desse spørsmåla bør veljast etter ei vurdering av kva verksemda går ut på og kva eigarinteresse Bø kommune har. Aktuelle selskap kan vere Telemark Turist AS, næringssselskap, eigedomsselskap eller kraft-/energisekskap.

Gjennomføring av verksemd - måloppnåing

Renovasjon

Irmat AS er ansvarleg for å levere renovasjonstenester til kommunen sine innbyggjarar. Det var ein selskapskontroll retta mot selskapet i 2008, med tilrådingar til eigarkommunane og selskapet. Irmat AS er ansvarleg for handtering av avfall frå hushald i kommunen, noko som er ei lovpålagd teneste som kommunen skal sørge for. Irmat AS handterer også avfall frå næringsverksemd, noko som skjer i konkurranse med andre. Handtering av avfall frå hushald skal skje til sjølvkost og i samsvar med reglar for avfallshandtering etter forureiningslova og avfallsforskrifta. I slik verksemd kan det være risiko for at tenestetilbodet ikkje er i samsvar med fastsette mål, og det kan være risiko når det gjeld kostnadsnivå, sjølvkostberekningar, anskaffingar og kryss- subsidiering. På denne bakgrunn er det naturleg å prioritere selskapet for forvaltningsrevisjon. Ein forvaltningsrevisjon av selskapet bør utførast i samarbeid med dei andre eigarane, og vinkling og problemstillingar bør definerast og avgrensast nærare ved bestilling.

Forventningar om utbytte

Kommunane har forventningar om årleg utbytte frå Midt-Telemark Energi AS og Midt-Telemark Kraft AS. I eigarskapsmeldinga for selskapet frå 2012 la kommunane til grunn større forventa utbytte enn det selskapet meinte var forsvarleg. Selskapet uttrykte dette i ei uttale etter at den felles eigarskapsmeldinga var politisk handsama. Det kan vere aktuelt å undersøke nærare om kommunane sitt ønske om utbytte blir godt nok balansert mot selskapet sitt behov for å sikre eigenkapital og nødvendige investeringar.

Næring

Kommunen sitt næringsarbeid er lagt til Midt-Telemark næringsutvikling AS. Det er utarbeida ein felles strategisk næringsplan for Midt-Telemark. Det går fram av planen at rådmennene skal utarbeide forslag til oppdragsavtale og at det skal utarbeidast årlege handlingsplaner for kvar kommune. Næringsarbeidet er eit viktig område for kommunen, og det kan vere god grunn til å undersøke om planen og den felles eigarskapsmeldinga blir følgd opp. Vi har likevel ikkje prioritert ein kontroll på gjennomføring av næringsarbeid i forslag til plan, men oppfølging av eigarskapsmeldinga kan være del av foreslått eigarskapskontroll.

4 Plan for selskapskontroll

Vi foreslår følgjande selskapskontroller:

Tema	Generell/selskap	Kontrollform	Anbefalt tidspunkt
Styresamansetning – styreevaluering og valprosess	Bør rettast mot alle selskap med delt eigarskap, der kommunen har ein viss eigardel.	Eigarskapskontroll	Kan gjerast når som helst
Gjennomføring av verksemd – sjølvkost og ressursbruk	Irrmat AS	Forvaltningsrevisjon – bør gjerast felles med andre eigarar.	Kan gjerast når som helst
Samfunnsansvar – habilitet, etikk og varsling, offentleg innsyn, anskaffingar	Val av selskap ut frå en vurdering av formål og eigardel. F.eks. eiedomsselskap, næringssekskap, energi- og kraftsekskap, Telemark Turist AS,.	Forvaltningsrevisjon – bør gjerast felles med andre eigarar.	Kan gjerast når som helst
Eigarskapsmelding – oppfølging, implementering og andre føringar for eigarskap	Generell – stikkprøver i utval av selskap.	Eigarskapskontroll	Kan gjerast når som helst

Vedlegg

- Oversikt over Bø kommune sine eigarinteresser i selskap per 31.12.2015 og omtale av selskapa
- KS' Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll⁴

⁴ Kommunenes sentralforbund 15. november 2015.

Oversikt over Bø kommune sine eigarinteresser i selskap per 1.1.2016 og omtale av selskapa

Selskaper med innsynsrett iht. koml. § 80:

Interkommunale selskap (IKS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Midt-Telemark Næringsfond IKS	32,0 %	Eigenkapital: 15,7 mill kr 15 mill kr. utlånt til Midt-Telemark Energi. Renteinntekter: 584 942 Overføring til Midt-Telemark Næringsutvikling 519 967 kr <u>Formål:</u> Gi avkastning som skal finansiere næringsutviklingstiltak i Midt-Telemark gjennom Midt-Telemark næringsutvikling AS. <u>Annet:</u> Selskapsavtalen seier at 90 % av avkastninga av kapitalen skal overførast til MTNU til bruk i utviklingsprosjekt, og 10 % skal avsettas til kapitalvedlikehald. Ifølgje § 8 i selskapsavtalen har styret i MTNU rett til å disponere avkastninga på sjølvstendig grunnlag innanfor dei gjeldande overordna næringspolitiske rammer og retningslinjer som er fastlagt av eigarane.	Kontorkommune Nome. 46,9 % Nome 27,0 % Sauherad
Telemark kommunerevisjon IKS	1,95 %	Eigenkapitalandel: 59,9 % Eigenkapital 6,1 mill. kr. Totalrentabilitet: 3,7 % Gjeldsgrad: 0,7 <u>Formål:</u> Utføre lovpålagte revisjonsoppgaver samt andre revisjonsoppdrag og rådgivning for deltakerne. I tillegg å utføre revisjonsoppdrag og rådgivning for andre selskaper. Selskapet har ikke erverv til formål. <u>Annet:</u> Ikkje hatt selskapskontroll.	Kontorkommune Skien. Larvik, Lardal, samtlege kommuner i Telemark og Telemark fylkeskommune

Interkommunale selskap (IKS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS	2,2 %	Eigenkapitalandel: 16 % Eigenkapital kr 600 000 Gjeldsgrad: 5,2 <u>Formål:</u> Utføre den lovpålagte sekretærfunksjonen for deltakernes kontrollutvalg. Selskapet kan utføre tilsvarende oppgaver for andre bestillere. <u>Annet:</u> Ikkje hatt selskapskontroll.	Kontorkommune Bø. Telemark fylkeskommune og 17 kommuner i Telemark, Aus-Agder fylkeskommune og 10 kommuner i Aust-Agder, Vest-Agder fylkeskommune og fire kommuner i Vest-Agder.
Interkommunalt arkiv for Buskerud Vestfold og Telemark IKS (IKA Kongsberg IKS)	1,94 %	Eigenkapitalandel: 16 % Eigenkapital: 600 000 kr Totalrentabilitet: 0,9 % Gjeldsgrad: 5,2 <u>Formål:</u> Formålet med selskapet er å legge forholdene til rette for medlemmenes rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlovens intensjoner og bestemmelser. Selskapet skal kunne fungere som arkivdepot for deltakerne samt selge kompetanse og arkivtjenester til andre. Selskapet skal kunne fungere som fylkesarkiv for deltakende fylkeskommuner, og skal kunne motta privatarkiv. <u>Annet:</u> Det har ikkje vore selskapskontroll i regi av nokon av eigarkommunene i Telemark.	Kontorkommune Kongsberg. 38 andre kommuner i Buskerud, Vestfold og Telemark

Heileigde kommunale aksjeselskap (AS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Bø Kommunale Eigedomsselskap AS	100 %	Eigenkapital: 4,576 mill kr Eigenkapitalandel: 6,5 % Totalrentabilitet: 3,3 % Gjeldsgrad 14,5	Kontorkommune Bø

		<p><u>Formål:</u> Kjøp, salg, drift og oppføring av fast eiendom. Utleie av personell. Utvikle forprosjekter for handel, industri, reiseliv og andre i tilknytning til selskapets eiendommer. Ellers alt som naturlig står i forbindelse med prosjektutvikling og prosjektrealisering i tilknytning til selskapets formål.</p>	
Midt-Telemark Energi AS	36,0 %	<p>Eigenkapital: 174 543 000 kr Eigenkapitalandel: 43,9 % Totalrentabilitet: 4,6 % Gjeldsgrad 1,3</p> <p><u>Formål:</u> Eie og drive kraftverk, herunder produksjon, overføring og omsetning av elektrisk energi, samt å drive med virksomhet som står i naturlig forbindelse med dette.</p> <p><u>Annet:</u> Kommunane i Midt-Telemark har utarbeida felles egiarskapsmelding for blant andre Midt-Telemark Energi AS.</p>	<p>Kontorkommune Nome</p> <p>40,0 % Nome 24,0 % Sauherad</p>
Midt-Telemark Kraft AS	28,8 %	<p>Eigenkapitalandel: 88,8 Eigenkapital 215 622 000 kr Totalrentabilitet: 0,5 % Gjeldsgrad 0,1</p> <p><u>Formål:</u> Eie og drive kraftverk, salg av kraft, og forvalte selskapets øvrige eiendeler og interesser, herunder fallretter, samt rettigheter til erstatningskraft.</p> <p><u>Annet:</u> Kommunane i Midt-Telemark har utarbeida felles eigarskapsmelding for blant andre Midt-Telemark Kraft AS.</p>	<p>Kontorkommune Nome</p> <p>48,4 % Nome 21,8 % Sauherad</p>
IRMAT AS	21,7%	<p>Eigenkapitalandel: 28,6 % Eigenkapital 10,7 mill. kr Totalrentabilitet: 4,3 % Gjeldsgrad 2,5</p> <p><u>Formål:</u> Målsetningen er å levere en renovasjonsordning som tilfredsstillter lovpålagte krav til en lavest mulig kostnad for brukerne. Selskapets formål er håndtering av avfall, herunder slam og spesialavfall.</p>	<p>Kontorkommune Notodden.</p> <p>52,3 % Notodden 18,8 % Sauherad 7,2 % Hjartdal</p>
Midt-Telemark Næringspark AS	50 %	<p>Eigenkapitalandel: 13,1 % Eigenkapital 1,826 mill. kr</p>	<p>Kontorkommune Bø</p>

		<p>Totalrentabilitet: - 2,3 % Gjeldsgrad 6,6</p> <p><u>Formål:</u> Opparbeide og utvikle eiendommer til næringsvirksomhet og næringsrettet infrastruktur for derigjenneom å bidra til næringsutvikling i kommunene.</p> <p>Selskapet skal i hovedsak ikke ha langsiktig eiendomsdrift som formål, men skal søke å realisere sine eierandeler i ferdig utviklede prosjekter for derved å kunne bruke de frigjorte midlere til utvikling av nye prosjekter.</p> <p>Selskapet får fullmakt til å forvalte kommunens eierinteresser i følgende arealer: *Næringsområde på Brenna - Midt-Telemark Næringspark.</p> <p>Selskapet gis fullmakt til å utvikle disse arealene til næringsformål og gis rett til å oppebære avkastning fra utviklingen av eiendommene. Nye områder kan legges til selskapet etter vedtak i kommunestyrene.</p>	50 % Sauherad
Norsk Hardingfelesenter AS	100 %	<p>Eigenkapitalandel: 64,7 % Eigenkapital kr 11 000 Totalrentabilitet: 119,4 % Gjeldsgrad 0,6</p> <p><u>Formål:</u> Selskapet skal, med utgangspunkt i den sterke hardingfelehistoria i Bø, ha som sitt formål å løfte fram hardingfela, og forvalte og utvikle den levande tradisjonen som hardingfela representerer. Dette skal skje gjennom informasjon om og formidling av felemakarverksemda, instrumentet og spelet overfor ulike målgrupper lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Selskapet skal utøve si verksemd gjennom oppdragsavtaler med profesjonelle aktører, og skal på den måten styrke grunnlaget for utøvarar og næringsaktørar som etablerer seg på dette feltet i regionen.</p>	Kontorkommune Bø
Vegfinans RV36 Telemark AS	2,5 %	<p>Eigenkapitalandel: -2,6 % Eigenkapital -364 000 kr. (EK tapt) Totalrentabilitet: -0,7 % Gjeldsgrad: 39,9</p> <p><u>Formål:</u> Delfinansiere utbyggingen av Rv36 med tilhørende anlegg gjennom Telemark fylke. Selskapet deler ikke ut utbytte. Selskapet administrerer og eventuelt driver et</p>	<p>Kontorkommune Skien</p> <p>80,0 % Vegfinans AS 2,5 % Sauherad 2,5 % Nome 2,5 % Seljord 2,5 % Kviteseid</p>

		innkrevingsystem i bompengerperioden. Selskapet foretar de nødvendige låneopptak i samsvar med stortingsvedtak og avtale med Statens vegvesen Vegdirektoratet. <u>Annet:</u> Selskapet inngår i eit konsern der flere fylkeskommunar eig morselskapet Vegfinans AS. Konsernet skal delfinansiere utbygging av RV 36 gjennom Telemark.	2,5 % Tokke 2,5 % Hjartdal 2,5 % Vinje
--	--	--	--

Selskaper uten innsynsrett:

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommuner
Telemark turist AS (tidligere Reisemål Bø AS)	18,14 %	Eigenkapitalandel 46,2 % Eigenkapital 360000 kr Totalrentabilitet: 1,8 % Gjeldsgrad 1,2 <u>Formål:</u> Leveranse av tjenester til handels- og reiselivsbedriftene i Bø, Nome og Sauherad, derigjennom vedlikeholde eksisterende tilbud, videreutvikle reiselivsprodukter i samarbeid med andre støttespillere, kvalitetssikre og markedsføre regionen som et helhetlig opplevelsesprodukt. Selskapet kan også inngå i aktiviteter som har naturlig tilknytning til dette, samt ved aksjetegning eller på annen måte gjøre seg interessert i andre foretagender av betydning for virksomheten. <u>Annet:</u> det kan være aktuelt å gjøre en forvaltningsrevisjon av måloppnåelse knyttet til oppdragsavtalen med kommunene. Den bør eventuelt gjøres i fellesskap for de tre kommunene.	Kontorkommune Bø 16,68 % Nome 1,50 % Sauherad
Midt Telemark Næringsutvikling AS	16,5 %	Eigenkapitalandel: 56,7 % Eigenkapital: 2,4 mill kr Totalrentabilitet: 7 % Gjeldsgrad: 0,8 <u>Formål:</u> Fremme næringsutvikling i MidtTelemark. Selskapet skal drives på non profit grunnlag. Det er ikke selskapets formål å maksimere avkastning eller akkumulere verdier og virksomheten skal over tid gå i balanse. Selskapet har ikke anledning til å utbetale utbytte. <u>Annet:</u> MTNU AS forvaltar ein ramme av næringsfondets avkastning. Det blei gjennomført selskapskontroll i 2011, både som eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.	Kontorkommune Bø 21,0 % Nome 13,5 % Sauherad Sparebank 1 og andre private eiere eier 49 %

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommuner
Gullbring kulturanlegg AS	77%	Eigenkapitalandel: 9,1 % Eigenkapital 3,448 mill. kr Totalrentabilitet: -0,9 % Gjeldsgrad 10 <u>Formål:</u> Bygge og drive kulturbygg, fleirbrukshall og miljøbad, utleige av lokala og elles alt som stend i samband med slik verksemd. Selskapet har ikkje fortjeneste eller utbytte som formål. <u>Annet:</u> Selskapskontroll i 2013 som omfatta eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap	
Bø Blad AS	12,17 %	Eigenkapitalandel: 43,9 % Eigenkapital 1,157 mill. kr Totalrentabilitet: -2,8 % Gjeldsgrad 1,3 <u>Formål:</u> Å drive avis og alt som står i samband med dette.	Kontorkommune Bø
Lifjell Vinterland AS	4,45 %	Eigenkapitalandel: 86,2 % Eigenkapital 2,643 mill. kr Totalrentabilitet: -6,4 % Gjeldsgrad 0,2 <u>Formål:</u> Eie og drive skiheis, salg og utleie av skiutstyr, bevertning samt alt som hermed står i forbindelse.	Kontorkommune Bø
E134 Haukelivegen AS	2,2 %	Eigenkapitalandel: 58,1 Eigenkapital 3,1 mill kr Totalrentabilitet: 0,5 % Gjeldsgrad 0,7 Formål: Arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide	Eies av en rekke kommuner og fylkeskommuner og enkelte private aktører.

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommuner
		saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet Annet: Det har ikkje vore selskapskontroll knytt til dette selskapet. Det kunne vore aktuelt med ein felles kontroll for de kommunale eierne i Telemark.	
Norsk Bane AS	2,05	Eigenkapitalandel: 50,6 %. Eigenkapital 411 000 kr. Totalrentabilitet: -24,8 % Gjeldsgrad: 1 <u>Formål:</u> Planlegge, bygge og drive et høyfarts-banenett i Norge og gjennomføre de tiltak som synes nødvendige for å kunne oppnå dette. Høyfartsbanen over Haukeli er et nøkkelelement. Selskapet kan selge jernbanefaglig kompetanse.	Kontorkommune Ålesund. 17,23 % Vinje 3,36 % Tokke 2,00 % Sauherad 0,49 % Tinn Fleire kommunar i andre fylker og enkelte private eigarar

I 2015 ble Norsjø Kammermusikkfest AS stiftet, Bø eig 19,8 %. Selskap med små eigarandelar er ikkje med i oversikta.

Formlar og forklaringar for nøkkeltall:

Eigenkapitalandel	(Sum eigenkapital/totalkapital)*100 <i>Eigenkapitaldelen viser kor mykje av totalkapitalen som er eigenkapital. Over 40 % vert rekna som svært godt.</i>
Totalrentabilitet	(Resultat før skatt + finanskostnader)*100/gj.sn. totalkapital <i>Totalrentabiliteten viser kor lønsam verksemda er. Over 15 % vert rekna som svært godt.</i>
Gjeldsgrad	Sum gjeld / Sum eigenkapital <i>Gjeldsgraden viser kor stor gjelda er i forhold til eigenkapitalen. Ei gjeldsgrad på 1 vil seie at verksemda har like stor gjeld som eigenkapital.</i>

KS' Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll⁵

ANBEFALING 1: OBLIGATORISK OPPLÆRING AV OG INFORMASJON TIL FOLKEVALGTE

Kommunene bør som en del av sitt folkevalgtprogram gjennomføre obligatoriske kurs eller eierskapsseminarer. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden. Det anbefales også at det nye kommunestyret tidlig i perioden får en oversikt over status for selskapene.

ANBEFALING 2: VURDERING OG VALG AV SELSKAPSFORM

Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset selskapets formål, eierstyringsbehov, samfunnsansvar, hensynet til innsyn, markedsforhold og det aktuelle lovverket.

ANBEFALING 3: FYSISK SKILLE MELLOM MONOPOL OG KONKURRANSEVIRKSOMHET

Selskap som opererer i et marked i konkurranse med andre aktører i tillegg til monopolvirksomhet, bør som hovedregel skille ut den markedsrettede delen av virksomheten for å unngå rolleblending og kryssubsidiering.

ANBEFALING 4: UTARBEIDELSE AV EIGARSKAPSMELDINGER

Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eierskapsmelding for alle sine selskap.

Eierskapsmeldingen bør minimum ha disse hovedpunktene:

1. Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskap og samarbeid.
2. Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring
3. Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.
4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.
5. Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.

ANBEFALING 5: UTARBEIDELSE OG REVIDERING AV STYRINGSDOKUMENTER

Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.

ANBEFALING 6: EIERMØTER

KS anbefaler at det jevnlig gjennomføres eiermøter for å bidra til god eierstyring og kommunikasjon med selskapet. Et eiermøte er et møte mellom representanter frå

⁵ Kommunenes sentralforbund 15. november 2015.

kommunen som eier, styret og daglig leder for selskapet.

ANBEFALING 7: EIERORGANETS SAMMENSETNING OG FUNKSJON

Avhengig av selskapets formål, anbefales det som en hovedregel at kommunestyret oppnevner sentrale folkevalgte som selskapets eierrepresentanter i eierorganet. Eierstyring skal utøves innenfor rammen av kommunestyrets vedtak.

ANBEFALING 8: GJENNOMFØRING AV GENERALFORSAMLINGER OG REPRESENTANTSKAPSMØTER

De formelle eiermøtene er generalforsamling eller representantskap. Det er styret som innkaller. Bestemmelser om innkallingsfrist bør tas inn i vedtektene, slik at det tas hensyn til kommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.

ANBEFALING 9: SAMMENSETNINGEN AV STYRET

Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet. Det anbefales at kommunen sikrer opplæring av styremedlemmene.

ANBEFALING 10: VALGKOMITE OG STYREUTNEVNELSER

Ved valg av styrer til kommunalt eide selskap bør det vedtektsfestes bruk av valgkomite.

ANBEFALING 11: KJØNNSMESSIG BALANSE I STYRENE

Det anbefales at eierorganet uavhengig av organisasjonsform tilstreber balansert kjønnsrepresentasjon. Styremedlemmene behøver ikke være bosatt i kommunen.

ANBEFALING 12: RUTINER FOR Å SIKRE RIKTIG KOMPETANSE I SELSKAPSTYRENE

Eier har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål. Eier bør også anbefale styret selv jevnlig å vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Det er derfor anbefalt flere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

ANBEFALING 13: STYRESAMMENSETNING I KONSERNMODELL

Styremedlemmer i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styrer.

ANBEFALING 14: OPPNEVNELSE AV VARAREPRESENTANTER

Der det utpekes varamedlemmer til styret bør ordningen med numeriske varamedlemmer benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

ANBEFALING 15: HABILITETSVURDERINGER

Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter. Ordfører og rådmann bør ikke sitte i styret i selskap.

ANBEFALING 16: GODTGJØRING AV STYREVERV

Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse av eierskapsmelding ha en prinsipiell diskusjon om godtgjøring av styreverv. Denne bør danne grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar.

ANBEFALING 17: REGISTRERING AV STYREVERV

Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskap bør registrere vervene på www.styrevervregisteret.no

ANBEFALING 18: ARBEIDSGIVERTILHØRIGHET I SELVSTENDIGE RETTSSUBJEKTER

Det anbefales at selskapene søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon. KS Bedrift vil være et naturlig valg for mange av disse selskapene.

ANBEFALING 19: UTARBEIDELSE AV ETISKE RETNINGSLINJER

Eier bør påse at selskapsstyrene utarbeider, og jevnlig reviderer, etiske retningslinjer for selskapsdriften

ANBEFALING 20: SÆRLIG OM ADMINISTRASJONSSJEFENS ROLLE I KOMMUNALE FORETAK

Det anbefales at kommunestyrene ved opprettelse av kommunale foretak diskuterer administrasjonssjefens rolle og handlingsmuligheter overfor daglig leder.

ANBEFALING 21: UTØVELSE AV TILSYN OG KONTROLL

Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevs og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjelder også når virksomheten er skilt ut i egne selskap.